
 Saksnr: 2026/4928-7
 Saksbehandlar: Åsta Navelsaker Røed

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for opplæring og kompetanse		29.04.2026

Justering av opplæringstilbudet for skuleåret 2026/2027

Forslag til vedtak

1.

Skule	Nivå	Utd. prog	Programområde	Endring klassetal	Frå	Til
Stord vidaregåande skule	1	BA	Bygg- og anleggsteknikk	-1	3	2
Stord vidaregåande skule	1	EL	Elektro- og datateknologi	1	3	4
Bømlo vidaregåande skule	2	EL	Automatisering	-1	2	1
Stord vidaregåande skule	2	EL	Automatisering	1	1	2
Bømlo vidaregåande skule	2	EL	Elenergi og ekom	1	1	2
Stord vidaregåande skule	2	SR	Sal, service og reiseliv	-1	1	0
Bømlo vidaregåande skule	1	HS	Helse- og oppvekstfag	-1	3	2
Stord vidaregåande skule	1	MD	Musikk, dans og drama, musikk	0,5	0,5	1
Stord vidaregåande skule	1	ST	Studiespesialisering	-0,5	3	2,5
Stord vidaregåande skule	2	ST	Språk, samfunnsfag og økonomi	-0,5	2	1,5
Stord vidaregåande skule	1	TP	Teknologi- og industrifag	1	3	4
Bømlo vidaregåande skule	2	TP	Maritime fag	1	3	4
Stord vidaregåande skule	2	TP	Industriteknologi	1	1	2
Stord vidaregåande skule	3	PB	Påbygg til gen. studiekompetanse	1	1	2
Voss gymnas	1	HS	Helse- og oppvekstfag	1	2	3
Kvam vidaregåande skule	2	HS	Helsearbeidarfag	-1	1	0
Odda vidaregåande skule	2	HS	Helsearbeidarfag	0,5	0,5	1
Voss gymnas	2	IM	Informasjonsteknologi	-1	1	0
Kvam vidaregåande skule	1	ST	Studiespesialisering	1	1	2
Odda vidaregåande skule	1	TP	Teknologi- og industrifag	1	2	3
Voss vidaregåande skule	3	NA	Studieførebuande naturbruk	20 plassar	40 plassar	60 plassar
Arna vidaregåande skule	2	BA	Tømrrar	1	1	2
Årstad vidaregåande skule	1	DT	Håndverk, design og prod.utv	1	1	2
Årstad vidaregåande skule	1	EL	Elektro og datateknologi	1	2	3
Åsane vidaregåande skule	1	EL	Elektro og datateknologi	1	3	4

Laksevåg og Bergen Maritime vgs	3	EL	Maritim elektrikerfaget vg3 sk	1	1	2
Årstad videregående skole	2	FD	Interiør og eksponeringsdesign	1	1	2
Askøy videregående skole	1	HS	Helse- og oppvekstfag	1	3	4
Olsvikåsen videregående skole	1	HS	Helse- og oppvekstfag	1	3	4
Åsane videregående skule	1	HS	Helse- og oppvekstfag	2	7	9
Åsane videregående skule	1	HS	Helse- og oppvekstfag, min. språk	-1	1	0
Arna vidaregåande skule	2	HS	Helsearbeidarfag	1	1	2
Nordahl Grieg vidaregåande skole	2	HS	Helsearbeidarfag	1	1	2
Årstad videregående skole	2	HS	Barne- og ungdomsarbeidarfag	1	1	2
Åsane vidaregåande skule	2	HS	Barne- og ungdomsarbeidarfag	1	1	2
Arna vidaregåande skule	2	IM	Informasjonsteknologi	1	2	3
Fusa vidaregåande skule	1	ST	Studiespesialisering	-1	1	0
Osterøy vidaregåande skule	1	ST	Studiespesialisering	-1	1	0
Nordahl Grieg vidaregåande skole	2	ST	Realfag	-1	3	2
Sotra vidaregåande skule	1	TP	Teknologi- og industrifag	-1	5	4
Askøy vidaregåande skole	2	TP	Industriteknologi	1	2	3
Osterøy vidaregåande skule	2	TP	Industriteknologi	1	1	2
Slåtthaug vidaregåande skole	2	TP	Industriteknologi	1	2	3
Sotra vidaregåande skule	2	TP	Industriteknologi	1	1	2
Os vidaregåande skule	2	TP	Køyretøy	-0,5	1	0,5
Os vidaregåande skole	3	PB	Påbygg til gen. studiekompetanse	1	1	2
Sotra vidaregåande skule	3	PB	Påbygg til gen. studiekompetanse	1	1	2
Askøy vidaregåande skule	3	PB	Påbygg til gen. studiekompetanse	1	1	2
Austrheim vidaregåande skule	1	ST	Studiespesialisering	-1	1	0
Knarvik vidaregåande skule	2	ST	Realfag	-0,5	1,5	1
Knarvik vidaregåande skule	2	ST	Språk, samfunnsfag og økonomi	-0,5	1,5	1
Sogndal vidaregåande skule	1	BA	Bygg- og anleggsteknikk	1	3	4
Sogndal vidaregåande skule	1	HS	Helse- og oppvekstfag	1	2	3
Årdal vidaregåande skule	1	SF	Studiespesialisering	-1	1	0
Årdal vidaregåande skule	2	SF	Språk, samfunnsfag og økonomi	0,5	0,5	1
Årdal vidaregåande skule	2	SF	Realfag	-0,5	0,5	0
Dale vidaregåande skule	1	TP	Teknologi- og industrifag	1	1	2
Førde vidaregåande skule, avd Høyanger	1	HS	Helse- og oppvekstfag	-0,5	1	0,5
Førde vidaregåande skule, avd Høyanger	2	HS	Helsearbeidarfag	-0,5	1	0,5
Førde vidaregåande skule	1	NA	Naturbruk	-0,5	1	0,5
Førde vidaregåande skule	1	NA	Naturbruk, hest	-0,5	1	0,5
Førde vidaregåande skule	2	NA	Heste- og dyrefag	-0,5	1	0,5
Førde vidaregåande skule	2	NA	Landbruk og gartnarnæring	-0,5	1	0,5
Førde vidaregåande skule, avd Høyanger	1	ST	Studiespesialisering	-0,5	0,5	0
Førde vidaregåande skule	2	TP	Køyretøy	1	1	2
Stryn vidaregåande skule	1	BA	Bygg- og anleggsteknikk	-1	2	1
Måløy vidaregåande skule	2	HS	Helsearbeidarfag	-1	1	0
Stryn vidaregåande skule	1	ST	Studiespesialisering	-1	2	1
Måløy vidaregåande skule	1	TP	Teknologi- og industrifag	1	2	3
Eid vidaregåande skule	2	TP	Industriteknologi	1	1	2
Firda vidaregåande skule	1	MD	Musikk, dans og drama, dans	15 plassar	-5 plassar	10 plassar
Firda vidaregåande skule	1	MD	Musikk, dans og drama, drama	15 plassar	-5 plassar	10 plassar

2. Direktøren får fullmakt til å omdisponere, la vere å setje i gang tilbod som får svært lågt elevtal og opprette nye klasser innafør vedteken økonomisk ramme og tilbodsstruktur, dersom det viser seg å vere nødvendig for å gje alle søkjarane med ungdomsrett eit skuletilbod. I inntaksområdet Stor-Bergen får direktøren utvida fullmakt til også å gjere endringar på programområde dersom tilbodet finst ved andre skular i rimeleg nærleik.

3. Om det ikkje er mogeleg å gi alle søkarane eit tilbod innanfor vedteke økonomisk ramme i saka, får direktøren fullmakt til å auke klassetalet ytterlegare, under føresetnad om at auken vert handtert innanfor sektoren si økonomiske ramme.

Samandrag

Direktøren legg i denne saka fram tilråding til justering av det utlyste opplæringstilbodet for skuleåret 2026/27. Grunnlaget for framlegget er resultat av søkinga per 10.04.26 og «Lokal forskrift om inntak og formidling for Vestland fylkeskommune» (FT-sak 121/2024).

Bjørn Lyngedal
direktør
Opplæring og kompetanse (OPK)

Tor Ivar Sagen Sandvik
seksjonsleiar
Seksjon kompetanse

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Klasser skuleåret 2026 2027
- 2 Samarbeidskontor og størrelærebedrifter
- 3 Intensjonsavtale vg2 overflateteknikk Austrheim vgs
- 4 HAFS
- 5 Hardanger og Voss
- 6 Indre Sogn
- 7 Nordfjord
- 8 Nordhordland
- 9 Sogn og Sunnfjord
- 10 Stor-Bergen
- 11 Sunnhordland
- 12 Sak opplæringstilbodet 2026 27

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I denne saka blir det lagt fram tilråding for justering av opplæringstilbodet for skuleåret 2025/26. Saka byggjer på dei tilboda som var vedtatt lyst ut for skuleåret 2025/26 og justeringar av tilbodet basert på søkjartal pr.3.03.2025.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for opplæring og kompetanse har vedtaksmynde, jf. reglement for folkevalde organ og delegering. Reglement for hovudutval for opplæring og kompetanse, kap. 3., saker der utvalet har avgjerdsmynde: (...) mynde til årleg å vedta tilbodet om vidaregåande opplæring i fylket innanfor den økonomiske ramma som er vedteken av fylkestinget.

Medverknad

Vestland ungdomsutval er invitert til å gje uttale i saka. Utvalet har ei rådgjevande rolle i fylkeskommunen og skal sikre ungdomsperspektivet i politiske prosessar. Uttalen vil bli innarbeidd i den vidare saksførebuinga.

Vurderingar og verknader

Administrative/økonomiske konsekvensar:

I PS-sak 69/2025 «Opplæringstilbod for skuleåret 2026/2027» (november 2025) vedtok hovudutval for opplæring og kompetanse å lyse ut 5,5 klassar over den økonomiske ramma. I punkt 1 i vedtaket heiter det m.a.: «..... Utvalet vil likevel presisere at det er søkjartala som avgjer kva tilbod som vert sette i gang, det gjeld òg tal parallellar på eit utdanningsprogram ved ein skule. Tal grupper som vert sett i gang i justeringssaka skal vere innanfor den økonomiske ramma».

Grunna elevtalsutviklinga er det etter direktør opplæring og kompetanse si vurdering behov for å auke den økonomiske ramma for opplæringstilbodet tilsvarande 21 klassar. Dette tilsvarar ein netto auke i klassetal på 14,5 økonomiske klassar samanlikna med det utlyste tilbodet.

Den auka kostnaden er for skuleåret 2026/27 berekna til 42 mill. kr. Direktøren tilrår at finansieringsutfordringa knytt til det auka klassetalet vert løyst ved å nytte midlar frå OPK fellesfond og restmidlar av tidlegare motteke statleg tilskot til kvalifisering og formidling til læreplassar i vidaregåande opplæring (fullføringsmidlar). Tilrådd finansiering medfører at resterande midlar på OPK fellesfond, som p.t. ikkje er disponert, vert nytta fullt ut. Dette tilsvarar 16,9 mill. kr. Vidare vert det nytta 25,1 mill.kr i statlege restmidlar. Dette medfører omdisponering av dei statlege restmidlane i høve tidlegare vedtak gjort i PS-sak 51/25 i OPPKO «Statleg tilskot til kvalifisering og formidling til læreplassar i vidaregåande opplæring».

Vedtaket i PS-sak 51/2025 hadde slik disponering av midlane:

	2025	2026	2027	2028	2029
Meiropplæring	20,0	10,0			
Eingongsløyving fullføring yrkesfag	50,0	20,0	10,0	10,0	10,0
Sum	70,0	30,0	10,0	10,0	10,0

Tilrådd disponering av statlege restmidlar vert etter dette slik:

	2025	2026	2027	2028	2029
Meiropplæring	20,0	10,0			
Eingongsløyving fullføring yrkesfag	50,0	20,0	4,9	0,0	0,0
Finansiering av ekstra klassar skuleåret 26-27		2,2	22,9		
Sum	70,0	32,2	27,8	0,0	0,0

Den tilrådde omdisponeringa av statlege midlar til finansiering av klassar medfører ein reduksjon i eingongsløyvinga til fullføring yrkesfag i 2027-2029. I 2027 vert løyvinga redusert med 5,1 mill.kr, medan i 2028 og 2029 vert løyvinga på 10 mill. kr årleg teken bort.

Direktøren er uroa over den økonomiske utviklinga i sektoren. Den tilrådde løysinga med bruk av eingongsmidlar for skuleåret 2026/27, er kortsiktig og gjer at salderingsutfordringa for dei påfølgande skuleåra vil auke monaleg. I tillegg kjem manglande finansiering i økonomiplanen frå 2027, som er omtala i budsjett 2026/økonomiplan 2026-2029.

Tabellen under viser ei samla oversikt over finansieringskjelder ut over den ordinære økonomiske ramma for opplæringstilbodet, frå direktøren si tilråding i justeringsaka for skuleåret 2025/26 (i april 2025) og fram til og med tilrådinga i denne saka. For skuleåra 2025/26 og 2026/27 er det lagt opp til følgjande bruk av bruk av midlar:

	Skuleåret 2025/26	Skuleåret 2026/27
Fylkeskommunale ekstramidlar til inkludering og fullføring (totalt løyvd 20 mill.kr per år til tiltak i FT- sak 138/24)	14,0	0,0
OPK-fellesfond	29,0	28,9
Auka rammetilskot, innlemma tidlegare statleg tilskot til vidaregåande opplæring for vaksne	0,0	18,0
Restmidlar tidlegare motteke statleg tilskot til kvalifisering og formidling til læreplassar i vidaregåande opplæring	0,0	25,1
SUM	43,0	72,0

Etter skuleåret 2026/27 vil OPK-fellesfond vere nytta fullt ut, og dette er då ikkje ei finansieringskjelde som kan nyttast for påfølgande skuleår. Dette er før ev. avsettingar ved årsavslutninga for 2026. Vidare er auka rammetilskot på 9 mill. kr årleg, fullt ut nytta til å finansiere tilbodet våren 2027. Det er såleis ikkje tilsvarande midlar tilgjengeleg for hausten 2027. Bruk av dei statlege restmidlane er og ei kortsiktig løysing, og eventuell ytterlegare omprioritering av midlar vil ha uheldige konsekvensar for skulane sitt arbeid med auka fullføring.

I direktøren si tilråding i denne saka er det lagt inn handlingsrom til å opprette 3 økonomiske klasser gjennom delegert sommarfullmakt utan å justere ned andre tilbod.

Klima:

Ingen målbar effekt

Folkehelse:

Ein tilbodsstruktur som mogeleggjør at søkjarane i stor grad får tilbod om vidaregåande opplæring med utgangspunkt i den enkelte sine ønskjer og behov kan bidra til auke gjennomføring i vidaregåande opplæring. Grad av gjennomføring kan ha verknad på folkehelsa.

Utviklingsplan for Vestland 2024-2028 regional planstrategi:

Fylkeskommunen har ei samfunnsutviklarrolle og skal bidra til verdiskaping i regionen. Med føresetnadar som ligg til grunn for dimensjonering av vidaregåande opplæring, planlegg fylkeskommunen ein tilbodsstruktur som i størst mogeleg grad skal leggje til rette for arbeids- og næringslivet skal få tilført tilstrekkeleg og god kompetanse.

Konklusjon

Direktøren legg i denne saka fram tilråding til justering av det utlyste opplæringstilbodet for skuleåret 2026/27. Grunnlaget for framlegget er resultat av søkinga per 10.04.26 og «Lokal forskrift om inntak og formidling for Vestland fylkeskommune»